

Høring grøne sertifikat

Den 12. februar i 2004 var olje- og energiminister Einar Stensnes på småkraft -seminar i Sauda for å informere om grøne sertifikat. Der var det møtt fram over 200 personar som var mykje interessert i kva det innebar.

Spørsmålet var om kor mykje dette ville utgjøre pr. kw.

Olje- og energiminister Stensnes svarte at der er det så mykje usikkert med svenskane, så dette ville han ikkje spekulere i. Men ein ting kan eg sikkert sei, og det er at alle som startar opp bygging av småkraftverk etter 01.01 i 2004, opptil 10 MW, skal komme med i ordninga av grøne sertifikat.

Her var det mange som starta opp med bygging av småkraftverk, og føler i dag at dei har blitt grundig lurt.

Alle som har blitt lova og bygd ut, må nå få koma med i ordninga.

Begrensninga må eventuelt bli for dei som ikkje har starta opp, og brukt mykje kapital og eigeninnsats på utbygging.

Da er spørsmålet om viss det blir for dyrt med sertifikat til dei som er lova, kvifor er då dei på over 10 MW tatt med i denne nye ordninga???

Det er bygd tre -småkraftverk her i Imsland, som er ein utkant i Vindafjord kommune, med ein byggekostnad på til saman over 130 millionar kroner, som skal produsera til saman 42 GWh. Dette er ein kjempe satsing av banker og grunneigarar, og derfor er det helt ufatteleg for oss her i Imsland at vi ikkje har kommet med i ordninga om dei grøne sertifikatata, på grunn av 8-10 månader for tidleg byggestart, i forhold til 7. september i 2009.

Så litt til kabelstriden . Me fekk straum til bygda i 4. juni 1954. Det var og lagt sjøkabel over fjorden, Storøya – Torsteinbø. Fjorden er ca 600 m djup og 2,5 km brei. Kabelen skulle forsyna gamle Jelsa kommune med straum. Den låg i fem år og då rauk den. Vart reparert etter 14 dagar, og fekk straumen att. Kabelen vart flytta litt, men rauk att etter ca fem år. Fjorden hadde for stor djupna og tyngda av kabelen på kvasse fjellbrot, blei ein for stor belastning. Det vart då bygd linja rundt fjorden på land.

Med helsing

Edvard Imsland og Richard Vanvik

Imsland